



Arkivnr: 2018/368-9

Saksbehandlar: Charlotte Espeland

Saksframlegg

Saksgang

Utval for kultur, idrett og regional utvikling

21.08.2018

Fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skolesekken for skuleåret 2018-2019

Samandrag

Hordaland fylkeskommune er tildelt til saman kr 18 911 086 til Den kulturelle skolesekken. Jamfør tildelingbrev frå Kulturtanken skal desse midlane fordelast med om lag 10,9 mill. til grunnskulen og 4,2 mill. til vidaregåande skule. Skulekonsertmidlar for våren 2018 utgjer 3 824 720 av den totale tildelinga. Den delen av midlane som går til grunnskulen er utgangspunktet for vidare fordeling til kommunane.

Økonomi: Hordaland fylkeskommune får tildelt spelemidlar frå Kulturtanken til kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen. Saka gjeld fordeling av desse midlane.

Klima: Saka vil ikkje bety noko for klima.

Folkehelse: Kultur bidreg til betre folkehelse, men saka i seg sjølve vil ikkje bety noko for dette.

Regional planstrategi: Kunst- og kulturformidling i skulen er del av Hordaland fylkeskommune sin regionale kulturplan.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til prinsipp for fordeling av midlar, slik dei kjem fram av saka.
2. Total tildeling på kr 18 911 086 vert fordelt slik:
Del skulekonsertar våren 2018: kr 3 824 720
Del Den kulturelle skolesekken i vidaregåande skule: kr 4 186 366
Del Den kulturelle skolesekken i grunnskulen: kr 10 900 000
3. Del Den kulturelle skolesekken i grunnskulen vert fordelt slik:
Tildeling til kommunane (1/3 av midlane + tillegg): kr 4 355 533
Hordaland fylkeskommune (grunnskulen): kr 6 544 467
4. Tildeling til kommunane vert fordelt slik:

Askøy	kr 367 281	Meland	kr 127 382
Austevoll	kr 119 604	Modalen	kr 28 943
Austrheim	kr 53 425	Odda	kr 109 001
Bømlo	kr 210 860	Os	kr 238 737
Eidfjord	kr 31 373	Osterøy	kr 181 459
Etne	kr 81 802	Radøy	kr 98 804
Fedje	kr 29 944	Samnanger	kr 61 942

Fitjar	kr 69 185	Stord	kr 247 420
Fjell	kr 377 420	Sund	kr 136 033
Fusa	kr 124 740	Sveio	kr 114 992
Granvin	kr 32 231	Tysnes	kr 83 984
Jondal	kr 32 803	Ullensvang	kr 98 838
Kvam	kr 175 225	Ulvik	kr 33 375
Kvinnherad	kr 307 970	Vaksdal	kr 91 894
Lindås	kr 265 139	Voss	kr 256 037
Masfjorden	kr 58 607	Øygarden	kr 109 084

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Den kulturelle skolesekken - Fordeling av spillemedier for skoleåret 2018-2019
- 2 Tildeling av prosjektmidler til gjennomføring av skolekonserter i 2018 - «Prosjekt 2018»
- 3 Fordeling til kommunar skuleåret 2018-2019

Fylkesrådmannen, 03.07.2018

Ved kongeleg resolusjon av 4. april 2018 vart overskotet frå Norsk Tipping AS til kulturføremål fordelt. Kr 285 000 000 av overskotet går til Den kulturelle skolesekken, og av dette er Hordaland fylkeskommune tildelt kr 18 911 086. Midlane er fordelte etter ein fordelingsnøkkel der variablane elevtal, geografiske avstandar og infrastruktur inngår.

Av midlane som er tildelte Hordaland fylkeskommune, skal om lag kr 10,9 mill. nyttast på grunnskulen og om lag 4,2 mill. på vidaregåande skule. Den delen som skal nyttast på grunnskulen er utgangspunktet for vidare fordeling av midlar til kommunane.

Skolekonsertmidlar for våren 2018 utgjer kr 3 824 720 av den totale tildelinga. Som ledd i at dei tidlegare turné- og produksjonsoppgåvene til Rikskonsertane vert overført frå Kulturtanken til fylkeskommunane, er Hordaland fylkeskommune i tillegg tildelt kr 622 742 til skulekonsertar. Midlane til skulekonsertar vert nytta til tiltak i regi Hordaland fylkeskommune.

Fordeling av midlane

Minst ein tredjedel av midlane til grunnskulen skal nyttast til tiltak i regi Hordaland fylkeskommune, og minst ein tredjedel skal fordelast vidare til kommunane. I Hordaland er det mange små kommunar med få elevar som med sin del av tredjedelen ville hatt lite midlar å nytte til lokale tiltak. Derfor er det vedtatt tillegg til kommunane med utgangspunkt i tal skular i kvar kommune. Tillegget til kommunane er tatt frå den siste tredjedelen av spelemidlane. Resterande del av denne tredjedelen går til styrking av HFK sit tilbod, og vert såleis nytta til turnering og formidling i kommunane.

Bergen kommune er ein direktekommune og har sjølv ansvar for Den kulturelle skolesekken til elevane i grunnskulen. Dei får spelemidlar til Den kulturelle skolesekken i grunnskulen direkte tildelt frå Kulturtanken.

Mål og prinsipp for Den kulturelle skolesekken

Kulturtanken – Den kulturelle skolesekken Noreg har det nasjonale ansvaret for Den kulturelle skolesekken, og forvaltar statlege midlar til ordninga.

Den kulturelle skolesekken skal sikre born og unge i skulen eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod innanfor alle dei seks kunst- og kulturuttrykka; film, kulturarv, litteratur, musikk, scenekunst og visuell kunst.

Midlane skal nyttast i tråd med mål og prinsipp for ordninga som vedteke i St.meld. nr. 38 (2002-2003) *Den kulturelle skolesekken* og St.meld. nr. 8. (2007-2008) *Kulturell skulesekk for framtida*.

Fylkeskommunar og kommunar skal tilby elevar i det 13-årige skueløpet, inkludert lærlingar og lærekandidatar i vidaregåande opplæring kunst- og kulturproduksjonar av høg kvalitet. Alle dei seks uttrykka skal vera representert. Samiske kunst- og kulturuttrykk skal vera ei integrert del av Den kulturelle skolesekken.

Kunstnarar som utfører arbeid i Den kulturelle skolesekken skal betalast i tråd med bransjestandard, og rettshavar sine interesse skal sikrast i samsvar med åndsverklova. Kulturtanken legg til grunn at rammeavtalen som nyleg vart forhandla fram mellom KS og Mfo (Musikernes fellesorganisasjon) vert følgt opp med verknad frå 1. august 2018.

Andre mål og føringar jamfør. tildelingsbrev frå Kulturtanken, dagsett 7. juni 2018.

Rapportering

Hordaland fylkeskommune og kommunane i Hordaland skal rapportere til Kulturtanken gjennom eit digitalt rapporteringssystem. All rapportering vert gjort pr. kalenderår.

Hordaland fylkeskommune er ansvarleg ovanfor Kulturtanken både for rapporteringa for tilskotet ein sjølv forvaltar, og for det som vert fordelt vidare til kommunane. Bergen kommune rapporterer direkte til Kulturtanken.

Det skal rapporterast om følgjande:

- Økonomi og ressursbruk
- Gjennomførte aktivitetar innan alle uttrykk.

Ein skal også gje ei kort, kvalitativ vurdering av eiga utviklingsarbeid med følgjande:

- Kvalitet
- Elevmedverknad og samarbeid med skulen spesielt
- Tilfang av nye produksjonar
- Samarbeid med og mellom kultur-, forskings- og opplæringssektor.

Aller rapportar skal verte vurdert i samsvar med mål, føringar og prinsipp for Den kulturelle skolesekken, og prosessen for godkjenning skal vera enkel. Hordaland fylkeskommune er ansvarleg for vurdering av rapportane frå kommunane, medan Kulturtanken vurderer rapporten frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.

Hordaland fylkeskommune skal rapportere etter følgjande fristar:

- Rapport for 2018: 15. februar 2019.
- Revidert rekneskap for 2018: 1. mai 2019.

Hordaland fylkeskommune justerer kommunane sine fristar etter ovanfor nemnde fristar, og opplyser om dette i deira tildelingsbrev.

Fordeling skuleåret 2018-2019

Fylkesrådmannen rår til at total tildeling på kr 18 911 086 vert fordelt slik:

Del skulekonsertar våren 2018: kr 3 824 720

Del Den kulturelle skolesekken i vidaregåande skule: kr 4 186 366

Del Den kulturelle skolesekken i grunnskulen: kr 10 900 000

Del Den kulturelle skolesekken i grunnskulen vert fordelt slik:

Tildeling til kommunane (1/3 av midlane + tillegg): kr 4 355 533

Hordaland fylkeskommune (grunnskulen): kr 6 544 467

Tildeling til kommunane vert fordelt slik:

Askøy	kr 367 281	Meland	kr 127 382
Austevoll	kr 119 604	Modalen	kr 28 943
Austrheim	kr 53 425	Odda	kr 109 001
Bømlo	kr 210 860	Os	kr 238 737
Eidfjord	kr 31 373	Osterøy	kr 181 459
Etne	kr 81 802	Radøy	kr 98 804
Fedje	kr 29 944	Samnanger	kr 61 942
Fitjar	kr 69 185	Stord	kr 247 420
Fjell	kr 377 420	Sund	kr 136 033
Fusa	kr 124 740	Sveio	kr 114 992
Granvin	kr 32 231	Tysnes	kr 83 984
Jondal	kr 32 803	Ullensvang	kr 98 838
Kvam	kr 175 225	Ulvik	kr 33 375
Kvinnherad	kr 307 970	Vaksdal	kr 91 894

Lindås	kr 265 139	Voss	kr 256 037
Masfjorden	kr 58 607	Øygarden	kr 109 084

Renteinntekter av tildelte midler skal gå til føremålet. Det same gjeld eventuell meirverdiavgiftsrefusjon som vert generert av aktivitet i Den kulturelle skolesekken.

Kulturtanken kan setje i verk kontroll med at midlane vert nytta i samsvar med føresetnaden.

Kulturtanken jobbar med ny fordelingsnøkkelen.